

Arkivsak: 2025/808-1

Arkiv:

Saksbehandlar: Synne Skogsrud

Dato: 05.09.2025

Saksframlegg

Saksnummer	Møtedato	Utval
2025/62	12.09.2025	Formannskapet Kommunestyret

Tilbudsstruktur for vidaregåande opplæring Innlandet 2026/27-2030/31

Vedlegg

- 1 Høringsnotat Tilbudsstrukturen for vidaregåande opplæring 2026-2030 - vedlegg til sak

Innstilling frå kommunedirektøren

Formannskapet sluttar seg til høyringsuttale slik den kjem fram i saka her.

Saksprotokoll i Formannskapet 12.09.2025:

Behandling

Forslag til vedtak lagt fram av formannskapet:

1. Dei framlagte forslaga i saksframlegget og høyringsnotatet

Lom kommunen meiner at tilbodsvifta i Nord-Gudbrandsdalen er for smal, og at elevane i regionen står att med færre valmoglegheiter enn elevar i andre delar av fylket. Dette gjev eit skeivt tilbod som ikkje møter behova til regionen godt nok. Om ein samanliknar ulike regionar ser ein at Nord-Gudbrandsdalen har eit smalare tilbod enn Nord-Østerdalen sjølv om elevtalet i Nord-Gudbrandsdalen er høgare.

Lom kommune vil særleg framheve at elevar med særskilde behov, eller elevar som har lang reiseveg til næraste vidaregåande skule, må sikrast eit godt og tilrettelagt opplæringstilbod. I dag ser vi at desse elevane ofte fell utanfor fordi opplæringa ikkje er tilpassa godt nok, og fordi lange

reiseavstandar gjer det vanskeleg å delta på ein fullverdig måte. Mange av desse elevane har særskild behov for stabilitet, struktur og nærleik til trygge vaksne, og dei får i dag eit fragmentert tilbod som aukar risikoen for fråfall.

For å sikre reell likskap i utdanning må fylkeskommunen gjere det tydeleg korleis tilrettelegginga skal løysast i praksis. Det handlar både om pedagogisk tilpassing, bruk av alternative opplæringsmodellar, fleksibilitet i opplæringsstadar. Innlandet fylkeskommune må opprette dialog og samarbeid med Jotunheimen privatistiskule for å løyse dei utfordringane som det er peika på i dokumentet. Lom kommune meiner at det ikkje er nok å seie at retten til tilrettelegging eksisterer – det må leggjast konkrete rammer og ressursar til grunn som gjer at desse elevane faktisk får rettmessig undervisning og moglegheit til å gjennomføre vidaregåande opplæring.

Lom kommune vil særleg framheve at elevar med særskilde behov, eller elevar som har lang reiseveg til næraste vidaregåande skule, må sikrast eit godt og tilrettelagt opplæringstilbod. Fylkeskommunen må tydeleggjere korleis dette skal løysast i praksis, slik at rettmessig undervisning og reell deltaking blir sikra.

2. Korleis svarar den føreslåtte tilbodsvifta ut samfunnsbehova i regionen? Er det andre linjer som burde erstatte dei føreslåtte tilboda?

Lom kommune meiner at alle tilboda i tilbodsvifta er relevante og bør vidareførast. Likevel er det naudsynt å styrkje og utvide tilbodet i Nord-Gudbrandsdalen:

- **Bygg- og anleggsteknikk** må prioriterast, då det er stor etterspurnad etter fagarbeidarar og mange læreplassar i regionen. Dette tilbodet er i region Midt-Gudbrandsdal og i Nord-Gudbrandsdal ved Jotunheimen privatistiskule.
- **Naturbruk** bør etablerast, sidan landbruket er ei av hovudnæringane i Nord-Gudbrandsdalen.
- **IT-utdanning** bør etablerast, då både kommunar og næringsliv har store utfordringar med å rekruttere kompetanse på området.

Nord-Gudbrandsdalen er ein stor mat- og reiselivsdestinasjon, og det er difor viktig at Nord-Gudbrandsdalen har eit breitt og godt tilbod innan reiseliv-, restaurant- og matfag.

3. Er det tilbod som ikkje blir gitt i Innlandet, men som din region kan vere naturleg vertskap for?

Lom kommune meiner at Nord-Gudbrandsdalen bør vere vertskap for IT som er ein etterspurt kompetanse i regionen. Kommunen har erfart at det er svært krevjande å rekruttere lærlingar og faste tilsette i stillingar som lysast ut innan IT-faget. Dette tilbodet må på plass i Nord-Gudbrandsdalen.

4. Hvordan kan fylkeskommunen gjennom samarbeid med kommuner, regioner, næringsliv og eventuelt andre være samskapende om opplæring?

Lom kommune meiner at samskaping må skje i tidleg fase, slik at skulane, elevane, næringslivet og

kommunane blir involvert i arbeidet med å utforme tilbudsstrukturen. Elevane må få informasjon om kva for kompetanse marknaden etterspør, slik at dei kan ta kunnskapsbaserte utdanningsval.

For elevar med særskilde behov bør fylkeskommunen inngå tettare samarbeid med kommunane og andre relevante aktørar, slik at tilrettelegginga blir reell og ikkje berre formell.

5. Fylkestinget har avsatt midler til alternative opplæringsmodellar og ønsker innspill til hvordan dette kan utvikles i din region?

Lom kommune meiner det er viktig å prøve ut nye opplæringsmodellar som kan bidra til å rekruttere og halde på elevar i regionen. Dette kan utviklast gjennom dialog med Interkommunalt politisk råd i Nord-Gudbrandsdal. Det er også viktig at næringslivet i Nord-Gudbrandsdal blir nytta aktivt i utgreiingsarbeidet. Alternative modellar må særleg ha fokus på korleis elevar med spesielle utfordringar kan få eit godt og føreseieleg tilbod, også når dei ikkje har høve til å pendle dagleg.

6. Det er politisk bestilt en egen sak om kombinasjonen idrett og yrkesfag i Gjøvikregionen – vil det være et ønsket tilbud?

Lom kommune har ikkje andre innspel enn at slike tilbod må greiast grundig ut før etablering. Det er viktig at eventuelle nye tilbod ikkje går utover naudsynt styrking av opplæringstilbodet i Nord-Gudbrandsdalen.

Lom kommune støttar hovudlinjene i den framlagte strukturen, men meiner det er behov for ei tydeleg styrking og breiare tilbod i Nord-Gudbrandsdalen. Særleg må fylkeskommunen syte for at elevar med særskilde behov eller lang reiseveg får eit reelt og godt opplæringstilbod, og at sentrale næringar som landbruk, byggfag, IT og reiseliv får relevant rekruttering gjennom vidaregåande opplæring i regionen. For å førebygge utanforskap og fråfall i vidaregåande opplæring er nærskule viktig, og det må samarbeidast med Jotunheimen privatistiskule for å oppnå dette i Nord-Gudbrandsdalen.

Samrøystes vedteke.

Vedtak

1. Dei framlagte forslaga i saksframlegget og høyringsnotatet

Lom kommunen meiner at tilbodsvifta i Nord-Gudbrandsdalen er for smal, og at elevane i regionen står att med færre valmoglegheiter enn elevar i andre delar av fylket. Dette gjev eit skeivt tilbod som ikkje møter behova til regionen godt nok. Om ein samanliknar ulike regionar ser ein at Nord-Gudbrandsdalen har eit smalare tilbod enn Nord-Østerdalen sjølv om elevtalet i Nord-Gudbrandsdalen er høgare.

Lom kommune vil særleg framheve at elevar med særskilde behov, eller elevar som har lang reiseveg til næraste vidaregåande skule, må sikrast eit godt og tilrettelagt opplæringstilbod. I dag ser vi at desse elevane ofte fell utanfor fordi opplæringa ikkje er tilpassa godt nok, og fordi lange reiseavstandar gjer det vanskeleg å delta på ein fullverdig måte. Mange av desse elevane har særskild behov for stabilitet, struktur og nærleik til trygge vaksne, og dei får i dag eit fragmentert tilbod som aukar risikoen for fråfall.

For å sikre reell likskap i utdanning må fylkeskommunen gjere det tydeleg korleis tilrettelegginga skal løysast i praksis. Det handlar både om pedagogisk tilpassing, bruk av alternative opplæringsmodellar, fleksibilitet i opplæringsstadar. Innlandet fylkeskommune må opprette dialog og samarbeid med Jotunheimen privatistiskule for å løyse dei utfordringane som det er peika på i dokumentet. Lom kommune meiner at det ikkje er nok å seie at retten til tilrettelegging eksisterer – det må leggjast konkrete rammer og ressursar til grunn som gjer at desse elevane faktisk får rettmessig undervisning og moglegheit til å gjennomføre vidaregåande opplæring.

Lom kommune vil særleg framheve at elevar med særskilde behov, eller elevar som har lang reiseveg til næraste vidaregåande skule, må sikrast eit godt og tilrettelagt opplæringstilbod. Fylkeskommunen må tydeleggjere korleis dette skal løysast i praksis, slik at rettmessig undervisning og reell deltaking blir sikra.

2. Korleis svarar den føreslåtte tilbodsvifta ut samfunnsbehova i regionen? Er det andre linjer som burde erstatte dei føreslåtte tilboda?

Lom kommune meiner at alle tilboda i tilbodsvifta er relevante og bør vidareførast. Likevel er det naudsynt å styrkje og utvide tilbodet i Nord-Gudbrandsdalen:

- **Bygg- og anleggsteknikk** må prioriterast, då det er stor etterspurnad etter fagarbeidarar og mange læreplassar i regionen. Dette tilbodet er i region Midt-Gudbrandsdal og i Nord-Gudbrandsdal ved Jotunheimen privatistiskule.
- **Naturbruk** bør etablerast, sidan landbruket er ei av hovudnæringane i Nord-Gudbrandsdalen.
- **IT-utdanning** bør etablerast, då både kommunar og næringsliv har store utfordringar med å rekruttere kompetanse på området.

Nord-Gudbrandsdalen er ein stor mat- og reiselivsdestinasjon, og det er difor viktig at Nord-Gudbrandsdalen har eit breitt og godt tilbod innan reiseliv-, restaurant- og matfag.

3. Er det tilbod som ikkje blir gitt i Innlandet, men som din region kan vere naturleg vertskap for?

Lom kommune meiner at Nord-Gudbrandsdalen bør vere vertskap for IT som er ein etterspurt

kompetanse i regionen. Kommunen har erfart at det er svært krevjande å rekruttere lærlingar og faste tilsette i stillingar som lysast ut innan IT-faget. Dette tilbodet må på plass i Nord-Gudbrandsdalen.

4. Hvordan kan fylkeskommunen gjennom samarbeid med kommuner, regioner, næringsliv og eventuelt andre være samskapende om opplæring?

Lom kommune meiner at samskaping må skje i tidleg fase, slik at skulane, elevane, næringslivet og kommunane blir involvert i arbeidet med å utforme tilbodsstrukturen. Elevane må få informasjon om kva for kompetanse marknaden etterspør, slik at dei kan ta kunnskapsbaserte utdanningsval.

For elevar med særskilde behov bør fylkeskommunen inngå tettare samarbeid med kommunane og andre relevante aktørar, slik at tilrettelegginga blir reell og ikkje berre formell.

5. Fylkestinget har avsatt midler til alternative opplæringsmodellar og ønsker innspill til hvordan dette kan utvikles i din region?

Lom kommune meiner det er viktig å prøve ut nye opplæringsmodellar som kan bidra til å rekruttere og halde på elevar i regionen. Dette kan utviklast gjennom dialog med Interkommunalt politisk råd i Nord-Gudbrandsdal. Det er også viktig at næringslivet i Nord-Gudbrandsdal blir nytta aktivt i utgreiingsarbeidet. Alternative modellar må særleg ha fokus på korleis elevar med spesielle utfordringar kan få eit godt og føreseieleg tilbod, også når dei ikkje har høve til å pendle dagleg.

6. Det er politisk bestilt en egen sak om kombinasjonen idrett og yrkesfag i Gjøvikregionen – vil det være et ønsket tilbud?

Lom kommune har ikkje andre innspel enn at slike tilbod må greiast grundig ut før etablering. Det er viktig at eventuelle nye tilbod ikkje går utover naudsynt styrking av opplæringstilbodet i Nord-Gudbrandsdalen.

Lom kommune støttar hovudlinjene i den framlagte strukturen, men meiner det er behov for ei tydeleg styrking og breiare tilbod i Nord-Gudbrandsdalen. Særleg må fylkeskommunen syte for at elevar med særskilde behov eller lang reiseveg får eit reelt og godt opplæringstilbod, og at sentrale næringar som landbruk, byggfag, IT og reiseliv får relevant rekruttering gjennom vidaregåande opplæring i regionen. For å førebygge utanforskap og fråfall i vidaregåande opplæring er nærskule viktig, og det må samarbeidast med Jotunheimen privatistiskule for å oppnå dette i Nord-Gudbrandsdalen..

Saksutgreiing

Sak om fireårig tilbudsstruktur i den vidaregåande skulen i Innlandet for skoleårene 2026/27-2030/31 er lagt ut på offentlig høyring med høyringsfrist 15. september 2025. Saka skal til politisk behandling i fylkestinget 21.-23.10.2025.

Meir om høyringa, heile vedtaket og sakspapira ligg på Innlandet fylkeskommune si nettside:

<https://innlandetfylke.no/nyheter-forsiden/sender-firearig-tilbudsstruktur-pa-horing.61143.aspx>

Opplæringslova slår fast at søkjarar frå ungdomsskulen har rett til å kome inn på eit av tre utdanningsprogram som dei sjølv har valt. Når dei har starta opplæringa har dei rett til å kome vidare innanfor det utdanningsprogrammet dei har byrja på. Når det gjeld vaksne skal tilbodet deira ta utgangspunkt i realkompetansen deira og tilby eit individuelt opplæringsløp ved modulstrukturert opplæring. Det er to inntaksvegar her, anten ved at vedkommande kjem inn på eit opplæringstilbod som fører til sluttkompetanse, eller ved at vedkommande sin realkompetansen kan bli formalisert gjennom fag- eller svennebrev.


På overordna nivå vert sjølv tilbudsstrukturen for vidaregåande opplæring bestemt nasjonalt. Her vert inndeling av utdanningsprogram og tilhøyrande programområde for studieførebuande- og yrkesfag bestemt. Gjennom behandlinga av høyringsnotat og deretter politisk behandling i fylkeskommunen, vert utdanningsprogramma og programområda på dei ulike skulane fordelt. Fylkeskommunane har ikkje anledning til å lyse ut tilbod som ikkje er fastsett i den nasjonale tilbudsstrukturen. Kommunane er høyringsinstans i saka.

Høringspartane blir invitert til å koma med innspel på:

1. De fremlagte forslagene som kommer frem i saksframlegget og høringsnotatet.
2. Hvordan svarer den foreslåtte tilbudsvifta i videregående opplæring ut samfunnets behov i din region? Er det med fordel andre linjer som burde erstatte de foreslåtte tilbudene? (Tilbudene ved den enkelte skole - fra side 27 i høringsnotatet)
3. Hvordan kan fylkeskommunen gjennom samarbeid med kommuner, regioner, næringsliv og eventuelt andre være samskapende om opplæring?
4. Er det tilbud som ikke tilbys i Innlandet og som du mener din region kan være naturlig vertskap for?
5. Fylkestinget har avsatt midler til alternative opplæringsmodeller og ønsker innspill til hvordan dette kan utvikles i din region.
6. Det er politisk bestilt en egen sak om kombinasjonen idrett og yrkesfag i Gjøvikregionen – vil det være et ønsket tilbud?

Tabellen nedanfor er henta frå høringsnotatet, og viser elevtalsutviklinga fram mot skuleåret 2034-2035 for i Nord-Gudbrandsdal for årskulla 16-18 år.

Elevtallsutvikling for årskullene 16-18 år:



Kilde: Utdanningsdirektoratet, GSI

Føreslått tilbudsstruktur for Nord-Gudbrandsdal vidaregåande skule er beskrive i tabellen nedanfor. I tillegg viser høyringsdokumentet at det vil bli lyst ut alternative opplæringsmodellar. Dette er nærare beskrive under "Merknad".

Nivå	Programområde
0	Kombinasjonsklasse
1	Helse- og oppvekstfag
	Idrettsfag
	Restaurant- og matfag
	Salg, service og reiseliv
	Studiespesialisering
	Teknologi- og industrifag
2	Barne- og ungdomsarbeiderfag
	Helsearbeiderfag
	Idrettsfag
	Kjøretøy
	Realfag
	Språk, samfunnsfag og økonomi
	Transport og logistikk
3	Idrettsfag
	Påbygg gen studiekomp e/yrkeskomp
	Påbygg. gen. studiekompetanse
	Realfag
	Språk, samfunnsfag og økonomi

"Merknad":

I tillegg til det som fremgår i tabellen lyses det ut alternative opplæringsmodeller hvor søkere som har fullført og bestått Vg1 kan søke direkte ut i bedrift. Dette gjelder innenfor Bygg- og anleggsteknikk, med mulighet for å søke direkte til opplæring i bedrift, FOB1, innenfor **Tømrerfaget**. Videre innenfor Restaurant og matfag, med mulighet for å søke direkte til opplæring i bedrift, FOB1, innenfor: **Kokk, Servitør, Ernæringskokk, Kjøttskjærer og Industriell matproduksjon**. For søkere som har fullført og bestått Vg1 Salg, service og reiseliv, kan søke direkte til opplæring i bedrift, FOB1, innenfor **Reiselivs faget**. Som nevnt i avsnittet «Alternative opplæringsmodeller», er det viktig at søkerne også setter opp ordinære Vg2-tilbud i skole. Dette for å kunne sikre en lovfestet rettighet, samtidig som man har en sikkerhet dersom det ikke lar seg løse med lærekontrakt med en bedrift.

Vurdering:

Spørsmåla i høyringa vert svara ut slik:

1. De fremlagte forslagene som kommer frem i saksframlegget og høringsnotatet.

Lom kommune ber Innlandet fylkeskommune om å anbefale godkjenning av Jotunheimen vidaregåande skule som privatskule for å sikre ein stabil tilbodsstruktur for elevane i Lom og Ottadalen.

Lom kommune meiner at tilbodsvifta i Nord-Gudbrandsdalen er for smal til å gje eit tilfredsstillande skuletilbod i høve regionens behov nå og i åra framover. Om ein samanliknar ulike regionar ser ein at Nord-Gudbrandsdalen har eit smalare tilbod enn Nord-Østerdalen sjølv om elevtalet i Nord-Gudbrandsdalen er høgare.

2. Hvordan svarer den foreslåtte tilbodsvifta i vidaregåande opplæring ut samfunnets behov i din region? Er det med fordel andre linjer som burde erstatte de foreslåtte tilbudene? (Tilbudene ved den enkelte skole - fra side 27 i høringsnotatet).

Lom kommune meiner at det er behov for alle tilboda som kjem fram i tilbodsvifta. Likevel meiner Lom kommune at tilbodet må utvidast, og at det er spesielt viktig for regionen å ha eit godt skuletilbod innan bygg- og anleggsteknikk. Det er stor etterspurnad etter byggfagleg kompetanse og mange bedrifter som tilbyr læreplassar.

Landbruk er ei av dei viktigaste næringane i Nord-Gudbrandsdal, og Lom kommune meiner at naturbruk bør etablerast i regionen.

3. Er det tilbud som ikke tilbys i Innlandet og som du mener din region kan være naturlig vertskap for?

IT er ein etterspurt kompetanse i regionen, og kommunen har erfart at det er svært krevjande å rekruttere lærlingar og faste tilsette i stillingar som lysast ut innan IT-faget. Dette tilbodet må på plass i Nord-Gudbrandsdalen.

Nord-Gudbrandsdalen er ein stor mat- og reiselivsdestinasjon, og det er difor viktig at Nord-Gudbrandsdalen vidaregåande skule har eit breitt og godt tilbod innan reiseliv-, restaurant- og matfag.

4. Hvordan kan fylkeskommunen gjennom samarbeid med kommuner, regioner, næringsliv og eventuelt andre være samskapende om opplæring?

Lom kommune meiner det kan være hensiktsmessig med samskaping i tidleg fase om kva som er behovet, slik at kommunane kan involvere skular, elevar og næringsliv med tanke på å kommunisere slik at elevane som skal velje studieretningar veit kva marknaden etterspør.

5. Fylkestinget har avsatt midler til alternative opplæringsmodeller og ønsker innspill til hvordan dette kan utvikles i din region?

Dette kan gjerast gjennom dialog med Interkommunalt politisk råd Nord-Gudbrandsdal.

6. Det er politisk bestilt en egen sak om kombinasjonen idrett og yrkesfag i Gjøvikregionen – vil det være et ønsket tilbud?

Lom kommune har ikkje andre innspel enn at tilbod må utgreiast før dei blir etablert.

Lom kommune støtter den framlagte tilbodsstrukturen, men meiner det er behov for ytterlegare styrking av tilbodet i Nord-Gudbrandsdalen jamfør høyringsinnspela.